

**Framtidig båtambulansetilbud i område sør  
Delprosjekt**

**KVIFOR skal prosjektet gjennomførast, KVA er bakgrunnen**

Prosjektet er del av program «Pasientens helseteneste – utviklingsplan 2030,» som skal utvikle meir samordna og heilskaplege tenester som er tilpassa pasientens behov, og der pasienten har så stor medverknad som mogleg.

Helse Førde kjøper maritime båttjenester for utføring av ambulanseoppdrag og pasientreise til sjøs; Vågsøy og Flora – område nord, Askvoll og Solund – område sør. Område sør dekkar og båtbehov i Sognefjorden.

Avtalen med reiar i Askvoll går ut 31.12.2016 og i Solund 31.12.2017. Ny/nye avtale(r) må konkurranseutsetjast og samordnast med respektive kommunar. I framkant må det avgjerast korleis tilbodet skal organiserast.

Det må også vurderast i kva grad val av framtidig båtambulansetilbud skal sjåast i samanheng med bilambulansestructur i fleire kommunar enn Askvoll og Solund. Båtambulansen stopper ved kai. Krav til transport av pasient på land i samband med båtoppdrag, må vere ein del av løysinga.

Ein avtale med operatør om å drifte ein fullverdig ambulansebåt, betyr høge kostnader over mange år. Helse Førde skal ha ei løysing på båtambulansområdet som både gir gode tenester og som kan forsvarast økonomisk.

Av den grunn har avtalane vorte forlenga i påvente av store nasjonale arbeid som Nasjonal helse- og sjukehusplan, revidert akuttmedisinforordning og NOU 2015:17 – «Først og Fremst» og arbeid i føretaket med prehospital plan og verksemdsmessig utviklingsplan.

Med bakgrunn i ovannemnde set Helse Førde i gang prosess for å avklare båtambulansetilbodet i område sør.

**KVA er hovudmålet med prosjektet**

Sikre framtidige båtambulansetenester i område sør som dekkjer innbyggjarane sine behov for forsvarlege prehospitalt akutttenester, og som er i samsvar med faglege og økonomiske føringar.

## KVA er delmåla med prosjektet

<kva skal målet vere i høve til brukarane, fagleg kvalitet og pasientsikkerheit, medarbeidarar og ressursutnytting >

- Kartlegge bruken av båtambulanse i område sør.
- Vurdere tilbodet opp mot båtambulansetilbodet andre stadar i landet.
- Utarbeide alternative modellar for framtidig drift.
- Utarbeide sak til styret med tilråding til modell for båtambulansetenester i område sør.
- Utarbeide grunnlag for anbod utifrå gjeldande lovverk.
- Følgje prosessen fram til framtidig tilbod er etablert.

## KVA er rammene og avgrensingane til prosjektet

Rammene er gitt gjennom dette mandatet, styresak om igangsetting av prosess, planverk nasjonalt regionalt og lokalt. Budsjet for Helse Førde.

## KVA skal gjerast i prosjektet (mandat)

Prosjektet skal

- involvere kommunane, og be om innspel til prosess og mål/mandat .
- arbeide utifrå, legge til grunn og arbeide vidare med vedlagte mandat, førebels tidsplan, ROS-analyse.
- Gjennomgå førebels interessentanalyse og utarbeide kommunikasjonsplan.
- Kartlegge bruken og utviklinga dei siste åra av båtambulanse i område sør. Mengde, type oppdrag, profil dag/døgn/sesong og kostnadene med bruken.
- Innhente erfaringstal frå andre som driv båtambulanse.
- Innhente erfaring frå anbodsprosessar knytt til båtambulanse som er gjennomført i andre føretak (varigheit, krav til materiell, prisjustering, bemanning, trening, reservebåt, kaileige, samarbeidsavtale med kommunane, pris mm.).
- Gjere greie for gjeldande lover, forskrifter og andre føringar for båtambulansedrift, og synleggjere korleis drifta i dag oppfyller kriteria.
- Vurdere korleis båtambulansetenestene i område sør kan organiserast for å sikre god nok beredskapssituasjon for innbyggjarane i området, inkludert:
  - ulike modellar med ulikt tal båtar og med ulike båttypar
  - vurdere korleis båt- og bilambulansetenesta kan sjåast i samanheng i dette området, og om fleire kommunar bør involverast for å ivareta beredskapsbehova
  - utgreie kompetanse og bemanningsbehov ved dei ulike alternativa
  - vurdere samarbeid med andre for å dele på utgifter («samfunnsbåt»)
- Svare ut delmåla og lage ein kort rapport som skisserer ulike alternative løysingar, og synleggjer kva for omsyn/vurderingar desse er basert på ved å skissere ei løysing som også inneber at lovverket for offentlege kjøp blir føljt.
- Legge fram vurdering av moglege alternativ for programstyre for pasientens helseteneste i mai.
- Bidra til at sak om retning for framtidig båtambulanse vert lagt fram for styret i juni.
- Bidra til at sak om endeleg avgjerd kan fremjast som styresak i august.



## Prosjektleder

Helge Robert Midtbø

## Prosjekttilrettelegger

Ambulansesjef Stian Sægrov

## Prosjektdeltakere

Askvoll kommune v/representant  
Solund kommune v/representant  
Hyllestad kommune v/representant  
Fjaler kommune v/representant  
Viseadministrerende direktør Vidar Vie  
Avdeling for akuttmedisin v/avdelingsjef Robert Brennersted  
Tillitsvald  
Verneteneste  
Brukarrepresentant

## Ev prosjektstøtte

Drift og eidegom v/Terje Jan Nes  
Prosjektsekretær  
HF Innkjøp  
Økonomiavdelinga  
Analyseininga  
HR  
Kommunikasjonsavdelinga

## Rapportering / målepunkt

Jfr skissert tidsplan  
Prosjektet rapporterer til programleiinga for pasientens helseteneste